

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 11.01.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Kenneth Vikane, Jan Tore Huus, Tirill Eiken, Liv Bente Steiro og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Thorleif Gjernes

Referent: Kaia

Sak 2022/01: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2022/02: Godkjenning av referat frå styremøte 14.12.2021. Godkjent

Sak 2022/03: Eigedomar:

- Leigerom i kulturhuset; leigetakar av lager i rektorkontor flytter til leikerom i gamle barnehagen i løpet av januar. Tidlegare rektorkontor vert ledig for utleige som kontorlokale. Interesserte kan ta kontakt med styret i bygdelaget.

Sak 2022/04: Tilstellingar:

- Samarbeidsmøte for lag og organisasjonar 25.01.2022; dette vert utsett grunna smittevern, ny dato setjast på neste styremøte 08.01.22. Møtet kan bli eit samarbeid med Frivilligsentralen i Jondal i samanheng med Frivilligheitas år.
- Basaren 26.02.2022. Denne datoen står inntil vidare. Det ligg loddbøker på landhandleriet fram til basaren.
- Årsmøte Herand bygdelag 2021 vert søndag 20.03.2022.
 - Leiar sender melding til valnemnda med oversikt over kven som er på val.
 - Revisorgodkjenning av rekneskap; Kasserer ansvarleg.
 - Budsjett 2022; Kasserer ansvarleg.
 - Skrive årsmelding for 2021; Skrivar ansvarleg.
 - Andre oppgåver i samband med årsmøte; innkalling med 3 vekers varsel, innkomne saker skal meldast 14 dagar før, seinast 06.03.22.

Sak 2022/05: Økonomi:

- Økonomistatus og rekneskap for 2021 framlagt av kasserer, levert til revisor.
- Fondsmidlar frå Herand Kraft. Falleigarane har bestemt at det skal avsetjast fondsmidlar til ålmennyttige formål i Herand. Det er utbetalt ein eingongssum på kr. 500.000,- som disponerast av Herand bygdelag i tråd med lagets vedtekter. Såframt at selskapet går i overskot, vert det vidare utbetalt kr 50.000,- pr år.
- Vedlikehald kulturhuset;
 - Ny ytterdør i underetasjen mot vest, bestilt hos Gjernes AS, tilbod 1022 kr 22.203,53.
 - Ny låvedør i skytja, Gjernes AS, tilbod 1015 kr 12.973,13. Ikkje bestilt.
 - Skifte defekte isolerglasruter, Gjernes AS, tilbod 1007 kr 24.325. Ikkje bestilt.

Det vert henta inn tilbod på utskifting av 4 gamle vindaug i fasaden mot nord.

Kasserer vil sende søknad til Hardangerstiftinga om støtte til ymse oppgradering i kulturhuset.

Sak 2022/06: Nærmiljøanlegget:

Me rakk å få opna anlegget for bruk til jul. Gummidekket vart ferdig. Det står att litt arbeid på apparata, dette vil bli gjort i samarbeid med leverandør Sandvik Play snarast. Prosjektgruppa vil søkje ekstra midlar til ferdigstilling rundt anlegget i vår. Målet er at alt skal være klart til Herand Rundt 2. pinsedag.

Sak 2022/07: «2022 – Frivillighetens år»:

- Liv Bente Steiro orienterte, ho er leiar i Jondal Frivilligsentral. Oppmodar alle til å sjekke nettsida Frivillighetens år.no. Viktig å melde inn arrangement her. Det er laga ei tilskotsordning der det kan søkast om inntil 25.000 til ein markering av Frivillighetens år. Bygdelaget vil søkje midlar til ei feiring av frivillig innsats i bygda til sommaren. Ullensvang kommune held på å lage ein strategiplan for frivilligheita. Frivilligsentralane i Jondal og Odda planlegg møter rundt i grendene for å få innspel til planen.

Sak 2022/08: Andre saker/eventuelt:

- Kommunale midlar til kulturstien; bygdelaget har fått kr. 60.000,-. I tillegg har me fått kr. 1000,- frå ein fellespott til alle merka turstiar i gamle Jondal.
- Bygdelaget har bestilt beitegeiter til rydding av området rundt sommarflore i kulturstien frå 1. mai.
- Det har kome informasjon om Jondal leirskule frå Hardangerakademiet/Per Eikeland. Leiar følgjer opp dialogen.
- Bygdedugnaden i år vert laurdag 23. april. Dette er ei veke tidleg for ikkje å ha dugnaden same helg som konfirmasjonssundag 01.05.

Neste styremøte tysdag 08.02.22 kl. 19.00 på Herand kulturhus